

Stamnes Idrettslag
Allaktivitetshuset v/ Nieves Tur
Kallestadvegen 21
5727 Stamnes

Stamnes 25.08.22

Vaksdal Kommune

Søknad om bygdeutviklingsmidler

Som de kjenner til så står Stamnes idrettslag økonomisk ansvarleg for Allaktivitetshuset, så søknaden vert sendt inn herunder. Visjonen til gjengen som driftar Allaktivitetshuset er nettopp det å skape aktivitet for alle, ung som eldre og alle innimellom. For å få engasjert fleire aldersgrupper så har me, i haust, lyst til å gjennomføre eit prosjekt der ein får opplæring i å byggje eit grindverksbygg. Fasilitetene rundt og i Allaktivitetshuset passar godt til denne aktiviteten, også seinhaustes. I tillegg så vil det ferdige grindverksbygget enkelt kunne demonteres og føres opp andre stader, og soleis kunne vera ein ny møtestad for bygdefolket. Langs fjordane våre står det fleire slike bygg som vitnar om gamle tradisjoner med grindverksbygging, så dette engasjerer i bygda. Dette kurset vil gå over eit par helger og vil såleis skape aktivitet i bygda, og vera ein god sosial arena for å møtes. I tillegg vil det også gi auka kompetanse i bygda for denne gamle byggemåten og soleis vera med å halda tradisjonar i hevd.

Då lokal produsent ikkje hadde tilgjengeleg materiale på lager, blir det ekstra kostnader for materiale og transport.

Budsjett:

Kurs Grindverksbygg (instruktør og utstyr) : 30 000 kr

Byggemateriale: 30 000 kr

Transport av materiale: 10 000 kr

Total søknadssum: 70 000 kr.

Vonar på positivt svar.

Mvh

Nieves Tur.